



Åse Helen Holm
Nordstrandvn 6
5265 YTRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2137 - 19/15438

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
04.07.2019

Førehandsvarsel - GBNR 36/96 - Pålegg om å fjerne påbegynt tiltak, samt ilegging av tvangsmulkt - Ådland

Tiltakshavar: Åse-Helen Holm
Grunneigar: Tekniske løsninger AS

Historikk:

Den 25.10.2016 gav Meland kommune byggeløyve for oppføring av fritidsbustad på gbnr. 36/96.

I pålegg datert 20.6.2016 stilte kommunen krav om uavhengig kontroll for følgjande:

PRO grunnarbeid og tømrerarbeid.
UTF montering av bærende metall- og betongkonstruksjoner og tømrerarbeid.

I vedtak datert 23.6.2017 vart det gitt pålegg om stans av arbeid og sikring av byggeplassen.

Ansvarleg søkjar trakk seg frå prosjektet i brev datert 23.1.2018.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt:

Etter plan- og bygningslova (pbl) § 32-1 skal kommunen forfølge overtredelsar av føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Det følgjer av pbl § 21-9 tredje ledd andre setning at viss arbeidet på eit tiltak vert innstilt i meir enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket vert fjerna og eigedomen rydda.

Ettersom det vart gitt stoppordre på eigedomen i vedtak datert 23.6.2017, har arbeid på ditt tiltak vore innstilt i meir enn 2 år. Dette inneber at tiltaket slik det står i dag er i strid med plan- og bygningslova.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Førehandsvarsel etter pbl § 32-3 skal sendast til «den ansvarlige». Byggeløyve vart gjeve til deg som tiltakshavar og grunneigar for tidspunktet då det vart gitt byggeløyve. Førehandsvarselet vert difor sendt til deg, og du er ansvarleg for å rette opp i dei ulovlege tilhøva.

Varsel om pålegg om retting:

Med heimel i pbl § 32-3 varslar vi følgjande:

- Påbegynt byggetiltak på gbnr. 36/96 skal fjernast.
- Gbnr. 36/96 skal ryddast.
- Handtering av avfallet skal vere i samsvar med forureiningslova.

Varsel om tvangsmulkt:

Med heimel i pbl § 32-2 gjer Meland kommune med dette varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av eingangsmulkt og/eller dagmulkt, dersom det ulovlege tiltaket ikkje er tilbakeført innan nærare angjeve frist.

Andre opplysningar:

Det er eigar sitt ansvar å sjå til at reglane i plan- og bygningslova blir overhalde. Oppfølging av ulovlege tilhøve vil utløyse gebyr etter gjeldande gebyrregulativ for Meland kommune.

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert fulgt, kan kommunen utferde forelegg etter pbl § 32-6. Eit forelegg vil få same verknad som rettskraftig dom, jf. § 32-7.

Det gis ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anton Holm
Tekniske Løsninger AS

Nordstrandvegen 5265
6

YTRE ARNA

Mottakere:

Åse Helen Holm

Nordstrandvn 6 5265

YTRE ARNA